

Saksprotokoll

Reguleringsendring - Storefjellstølen

Arkivsak-dok. 19/01871
Saksbehandler Hanne Cecilie Nes

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for natur og næring 2019-2023	26.11.2019	61/19

Rådmannen si innstilling:

I

Utval for Natur og næring ynskjer å legge reguleringsendring for Storefjellstølen Planid: 2013003 ut på offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11.

Utval for Natur og næring ynskjer slike endringar i kart og føresegner:

Plankart:

- K3 kombinert område kafe og vannforsyningsanlegg skal regulerast tilbake til kun å ha formål vannforsyningsanlegg slik det nå er regulert i eksisterande plan.

Føresegner:

- Føresegn 3.5 rettast til 3.6
- Føresegn 3.5 Parkering samordnast med føresegn 6.5 også parkering og setning om parkering i føresegn 6.1 og 6.2 slik at dette ikkje står dobbelt.
- Føresegn 4.1 supplerast med bygg utan kjeller skal fortsatt ha krav til maksimal 1,5 meter fylling.
- Føresegn om 10.3 K3 endrast slik at høgda og BYA reduserast til å gjelde kun vannbehandlingsanlegg.
- Skjæringer skal maksimalt vera 2 meter.
- Føresegn 6.1 må i siste setning spesifisere kor mykje og korleis terrenget kan hevast eller tilpassast for tun5.

II

Det delegerast til rådmannen/administrasjonen å kvalitetssikre endringar i plankart og føresegner før offentlig ettersyn

Utval for natur og næring 2019-2023 har behandla saka i møte 26.11.2019 sak 61/19

Behandling

Utvalet var på synfaring før saka vart teke opp til handsaming. Utvalet diskuterte kvart enkelt punkt i saka.

Det har kome inn nye dokumenter som er arkivert på saka. Dette var e-post av 21.11.2019 frå Knut Brusletto og e-postar av 21. og 22.11.2019 frå Visit Gol.

Votering

Samrøystes vedteke, 7-0.

Vedtak (omforeint)

I

Utval for Natur og næring ynskjer å legge reguleringsendring for Storefjellstølen Planid: 2013003 ut på offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11.

Utval for Natur og næring ynskjer slike vilkår og endringar:

- Føresegn 3.5 rettast til 3.6
- Føresegn 3.5 Parkering samordnast med føresegn 6.5 også parkering og setning om parkering i føresegn 6.1 og 6.2 slik at dette ikkje står dobbelt.
- Føresegn 4.1 supplerast med bygg utan kjeller skal fortsatt ha krav til maksimal 1,5 meter fylling.
- Skjæringer skal maksimalt vera 2 meter.
- Føresegn 6.1 må i siste setning spesifisere kor mykje og korleis terrenget kan hevast eller tilpassast for tun5. Dette kan og vere aktuelt for andre L- og/eller Tun (områder) som også må ha endra terrenget utover 1,5 m.

II

Utval for natur og næring ønsker ei konsekvensutgreiing av K3 for å vurdere tiltaket med omsyn til høgde på kafebygg, infrastruktur (varelevering, adkomst, parkering mm) og naturmangfald. Dersom konsekvensutgreiing har eit positivt utfall ynskjer utvalet at kafeen skal ha eit dempa uttrykk. Takvinkel, form og materialbruk skal harmonere med området karakter. Farger skal være mørke til middels mørke, tjære, jord eller steinfarger.

III

Dersom tal på einingar blir fleire enn i eksisterande plan skal VA-plan oppdaterast i forhold til PE-kapasitet og brannvatn.

IV

Før det blir gitt igangsetting til første bygg (med unntak av visningshytte) skal det ligge føre plangodkjenning for vassforsyning frå Mattilsynet.

V

Det delegerast til administrasjonen/kommunedirektøren og kvalitetssikre endringar i kart og føresegner etter motteke konsekvensutgreiing. Høgder skal knytast opp mot koter kombinert med maksimalhøgder.

